Fyresdal kommune

Arkiv:	255
Saksmappe:	2025/249-6
Saksbeh.:	Gerd Straume
Dato:	25.02.2025

Saksframlegg

Emisjon Telemarkrøye AS

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg:

Bakgrunn for saka:
Styret i Telemarkrøye AS har vedteke å gjennomføre ein emisjon på 19 millionar (10 millionar i friske pengar, 9 millionar i nedbetaling av gjeld) i Telemarkrøye AS fordi selskapet ikkje har god nok likviditet til drift og gjere nokre investeringar for å styrke verksemda ytterlegare.

Telemarkrøye har vore gjennom ei rekke emisjonar, seinast i juni 2024. Då var innstillinga frå kommuneadministrasjonen negativ fordi ein vurderte risikoen for altfor høg med den dokumentasjonen som då var tilgjengeleg for administrasjonen. Kommunestyret stemte imot vedtaket og Fyresdal kommune gjekk inn med 570 000 i emisjonen og oppretthaldt eigenandelane, slik dei andre største aksjonærane valde å gjere.

Den største eigaren i Telemarkrøye AS er Fjellfisk AS (Svåholmen AS) som er igjen er eigd av Egersund Group, totalleverandør av utstyr til fiskeri- og havbruksnæringa. Eigersund Group er hovudaksjonær i den norske børsnoterte verksemda i AKVA group, som er ein pionér og teknologidriver i akvakulturbransjen. I tillegg er MP Pensjon PK, og Arve Bakken AS inne på eigarsida. Arve Bakken sit også som styreleiar i Telemarkrøya AS. Eigarsamansetninga i Telemarkrøye er derfor ein god mix av profesjonelle investorar, kommunen og andre mindre lokale investorar.

Det er viktig å nemne at Fjellfisk AS også eig Norsk Ørret i Sirdal med produksjonsanlegg både i Norge og Sverige. I tillegg eig Norsk Ørret eit yngleanlegg på Hegland, Bergen.

Telemarkrøye AS deler tenester med Norsk Ørret, blant anna bløggebil og felles slakteri i Mandal. Desse to selskapa deler også salsapparatet. Telemarkrøye har tidlegare jobba med Fine Fish AS, noko som ikkje ga tilfredsstillande resultat.

Telemarkrøye slaktar og sel 10 tonn røye per veke og så langt har prisane vore ok, sjølv om ein alltid vil ynskje seg høgare pris. I Norge har Telemarkrøye distribusjon og sal til dei tre største aktørane i daglegvaremarknaden, men ein ser førebels ikkje dei heilt store voluma i Norge. Som ein av to oppdrettarar i Europa har Telemarkrøye ASC sertifisering noko som potensielt gjer

tilgang til supermarknader i Europa. Sverige og Finland er førebels dei viktigaste marknadane, men det er i gang arbeid ut i resten av Europa (Tyskland, Nederland og Frankrike). Det er også gjort små test-leveransar til USA.

Det er dialog med Innovasjon Norge for å få til eksportfinansiering, ei ordning som dekker 50% av bankens risiko ved lån.

eierfordeling Telemarkrøye	31.12.2024 antal aksjer	% vis fordeling	fordeling basert på en gitt totalverdi	innskudd emisjon	ny verdi	nye aksjer	avrundet ti hele	sum nye aksjer	sum aksjer	å betale etter avrunding	ny fordeling
Dorenfeldt Jensen, Mads	3 760	2,21 %	518 405	419 136	937 540	3 040,00	3 040	3 102	6 862	427 684	2,23 %
Aketun, Ingebjørg	1 704	1,00 %	234 937	189 949	424 885	1 377,70	1 378		1 704	-	0,55 %
Aketun, Jonny	1 704	1,00 %	234 937	189 949	424 885	1 377,70	1 378		1 704	-	0,55 %
Arve Bakken AS*	41 282	24,22 %	5 691 697	4 601 798	10 293 495	33 376,94	33 377	34 058	75 340	4 695 698	24,44 %
Fyresdal Kommune	6 334	3,72 %	873 291	706 065	1 579 357	5 121,11	5 121	5 226	11 560	720 527	3,75 %
MP Pensjon	24 134	14,16 %	3 327 441	2 690 271	6 017 712	19 512,60	19 513	19 911	44 045	2 745 201	14,29 %
Fjellfisk AS (Svåholmen AS)*	91 528	53,70 %	12 619 293	10 202 833	22 822 125	74 001,36	74 001	75 511	167 039	10 410 972	54,19 %
antall aksjer	170 446	100,00 %	23 500 000	19 000 000	42 500 000	137 807	137 808	137 808	308 254	19 000 082	100,00 %
pålydende pr aksje	100		137,87								
aksjekapital	17 044 600										

- Arve Bakken har allereie lånt inn 3 millionar – skal motreknast
- Fjellfisk har allereie lånt inn 6 millionar + renter – skal motreknast

Emisjonen er tenkt å dekke;
Drift, betjening av leverandørgjeld – inkludert aksjonærlån
I fylgje dokumentasjon frå selskapet vil ein emisjon på 19 millionar gje 10 millionar i friske pengar (altså beløp som ikkje er knytt til leverandørgjeld og aksjonærlån).

Oppkjøp avlsprogrammet Artic Red
Telemarkrøye har dei seiste åra kjøpt rogn frå avlsprogrammet Artic Red og har bidrege til å løyse ei stor biologisk utfordring som Telemarkrøye har hatt. Artic Red er eit prosjekt i regi av Klosser Innovasjon og Telemarkrøye har nå fått tilbod om å kjøpe heile programmet. Det er pågåande forhandlingar om forutsetningar for dette oppkjøpet. Beløpet er tenkt dekka av emisjonen

Investering i produksjonsanlegg
Det er planlagt auke i produksjonen og det skal investerast i anlegg nr 2 – altså konsesjon nr 2 av 3 skal tas i bruk. Dette er eit krevjande tiltak også med tanke på likviditeten i Telemarkrøya.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for næring og arbeidsliv.

Ei vidare investering i Telemarkrøya heng isolert sett godt saman med handlingsplanen. Det ein bør ta ei stilling når ein som kommune har investert i aksjar er i) Bidreg investeringa til lokal verdiskaping og sysselsetjing, ii) når skal ein la seg vatne ut og ii) exit – strategi (sal eller utbytte selskap).

For å gjere ei god vurdering av dette vil saka ta for seg ein del faktorar, både eksterne og interne risikofaktorar.

EKSTERNE FAKTORAR

Marknadsvurdering
Havbruk har vakse til å bli ei betydeleg næring i Noreg og nest største eksportnæring. Noreg er i dag verdas største produsent og eksportør av atlantisk laks og regnbogeaure, og har med det ei viktig rolle som produsent av berekraftig mat frå havet til verda. Havbruksnæringa er òg ei viktig

og lønnsam distriktsnæring og kan vere eit svært godt utgangspunkt for å skape fleire lønnsame private arbeidsplassar i distrikts- og kyst-Noreg. Når næringa samstundes har stor overvekt av familiebedrifter og lokalt eigarskap kan dette vere eit godt utgangspunkt for vidare utvikling.

Norsk fisk er i ei særstilling som eksportvare blant anna grunna kvalitet og at omdømmet er bygd på berekraftig produksjon. Vidare er namnet «Telemark» også godt anerkjent både i USA, Europa og Asia. Fisken som kjem frå anlegget i Fyresdal har god kvalitet og ein har i liten grad dei same utfordringane som oppdrettsnæringa har elles med lus, rømming og utslepp. Produktet «Telemarkrøye» bør derfor ha eit svært godt potensial for treffe forbrukaren både her i Norge og som eksportvare dersom ein treff på salsstrategien.

Verdikjede
Innanlandsopprett er foreløpig veldig liten samanlikna med marknaden for eksport av blant anna laks, sjø-aure og torsk. Fisk er eit levande produkt og ein er avhengig av god kvalitet er sårbar allereie i dei fyrste stega i produksjonen, rogn, yngl og fisk i produksjonsanlegg. Ein vanleg trend i verdikjeder med små ulønnsame aktørar med stort potensiale er at ein ser ei konsolidering, enten som oppkjøp frå større eksisterande aktørar eller samanslåing av selskap.

Tilgang på rogn har tidlegare vore ei utfordring for Telemarkrøye men dette har nå stabilisert seg etter ein fekk tilgang på rogn frå avlsprogrammet Arctic Red. Det er derfor kritisk viktig å sikre seg fortsatt tilgang samt at dette vil styrke aksjeverdien til selskapet.

INTERNE FAKTORAR

Drift av Telemarkrøye
Det er lagt opp tilsvarande lokal drift, med ei mogleg auke i arbeidsplassar grunna auka produksjon. Kvaliteten på dagleg leiing og tilgang på nøkkelkompetanse må nesten styret ta stilling til, men ein reknar med at budsjettert utgift til Egersund Managmenent Group sikrar tilgang på kompetanse ein ikkje har lokalt i Fyresdal.

Budsjettet viser at ein ser for seg ei god auke i omsetninga frå 11 millionar 2024 omsetninga til 35 millionar i 2025. Dette er ei ganske frisk auke i omsetning og vil nok krevje meir investering i sals og marknadsapparatet enn ein ser i budsjettet.

Verkemiddelapparatet
Eit selskap som Telemarkrøye, som slit med å kome i ein posisjon med positivt resultat, bør definerast som eit utviklingsselskap. Det betyr at det bør vere tilgjengelege finansiering frå Innovasjon Norge og frå Skattefunn ordninga som reduserer risikoen og kapitalbehovet frå eksisterande aksjonærar.

Sysselsetting
Telemarkrøye er ein viktig arbeidsplass og er med på å rekruttere nye innbyggarar til bygda. Dette er eit viktig argument for å halde på produksjon i bygda. Nå er det ikkje slik at dei planlagde investeringane vil gje mange nye arbeidsplassar i bygda, ein ser for seg 1 – 2 nye arbeidsplassar ved planlagt auke i produksjonen.

Er det rett tidspunkt å vatne seg ut?
Eit selskap som Telemarkrøye, som av ulike orsakar slit med å få til ein positiv kontantstraum risikerer å slite ut aksjonærane med å hente inn pengar i fleire rundar. Slik dokumentasjonen viser er det nesten heilt sikkert at ein må vente seg ein ny emisjon litt lenger frem i løypa.

Det kan derfor vere ein god strategi å hente inn eit minimum av kapital som dreg ein over kneika dersom ein har gode planar for tilgang til råvarer (rogn), auke i produksjons - og salsvolum samt kontraktar som sikrar distribusjon og sal som gjer inntekter. Viss Telemarkrøye i løpet av 6-9 mnd kan vise til betre kontroll og resultat i verdikjeda kan prisinga av verksemda vere heilt annleis og ein kan til dømes sjå om ein skal fri til nye aksjonærar.

Konklusjon:
Ser ein på dei interne og eksterne faktorane ser ein at Telemarkrøye AS framleis er eit høgrisiko-prosjekt men med eit godt potensiale. Dette er det viktig å ta med seg som bakteppe når ein stemmer for eller i mot ein ny emisjon.
Telemarkrøye har ikkje gjort store investeringar i teknologi som bidreg til optimalisering av produksjonen. Det er mykje manuell drift og for små volum ut i salsapparatet. Prisutvikling i marknaden har ein i dag liten kontroll på, og det er heller ikkje å vente at ein skal ha kontroll på dette, pris er derfor førande for kor raskt ein må hente inn ny kapital.

Kommunedirektøren er usikker på når ein kan få til ei lønnsam drift for Telemarkrøye. På eit tidspunkt må det meir kapital inn i verksemda for å få til ein positiv kontantstraum og stabil drift, kanskje allereie over sommaren.

Slik Kommunedirektøren ser saka nå er Telemarkrøye i ferd med å ta strategiske viktige grep for å sikre seg gjennom heile verdikjeda, frå tilgangen til rogn, auke i produksjonskapasitet og utvikling i salsapparatet.

Dei største aksjonærane, som har god bransjekunnskap og innsikt i marknaden, har signalisert at dei er positive. Dette er gode signal. Det er også viktig å understreke at ein ser positivt på at det er lånt inn pengar til Telemarkrøye men at tilbakebetaling av lån er med på å redusere størrelsen på tilføring av frisk kapital i emisjonen. Eit alternativ kan vere å konvertere gjeld til aksjar, kommunedirektøren har tillit til at styret og generalforsamlinga i Telemarkrøye AS gjer ei god vurdering av dette.

Fyresdal kommune bør ta del i denne emisjonen, dels for å bidra til å styrke sikkerheita rundt lokal sysselsetjing og verdiskaping, samt dels for å ikkje vatne seg ut når det er konkrete tiltak og planar som er med på å styrke verdien av Telemarkrøya. Lykkast ein med dei planlagde tiltaka vil verksemda bli meir attraktiv for eksterne investorar, kanskje allereie i neste runde.

Ein bør stille fyljande vilkår for emisjonen;

1) At dei største aksjonærane deltek i emisjonen
2) At aksjonærane får rapportering kvar andre månad, og tilleggsrapportering dersom det skjer ting som fører til avvik i planlagde aktivitetar.
3) At det i god tid planleggast for ny emisjon og at ein tek ein reell diskusjon om å invitere inn eksterne investorar
4) At det i større grad utforskast verkemiddelapparatet
5) Styret bør på sikt også får inn representantar i styret som ikkje sit på eigarsida

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune er positive til emisjonen med vilkåra som er nemnd i saka. Emisjonsbeløpet på inntil 710 000 NOK finaniserast med bruk av disposisjonsfondet.

Ordførar får fullmakt til å gjennomføre emisjonen gitt at vilkåra er tilstades.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume

	næringssjef